



Tor V. Sæle(f.v.), Ingebjørg Haugland, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland, Johannes Haugland, Tord Sæle, Henrik Bauge(frå Rosendal T) og Kari Bråtun gjorde alle ein flott innsats under KM på Bulken.

Trass i at det inntil nyleg har vore særdeles dårlege snøforhold, og dermed dårlege treningstilhøve for langrensløparane våre, har fleire av dei levert imponerende resultat til no i sesongen. Forrige helg kom Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland heim med kvar sin kretsmeistertittel i klassisk stil. Søndag var det KM i fristil på Bulken, 7 uskedelingar deltok, og dei gjorde ein framifrå innsats då dei innkasserte KM-tittel, edelt metall og gode plasseringar.

Trenar Pål Haugland melder om at rennet gjekk under fantastiske forhold på Bulken på heimegarden til velkjende Kristen Skjeldal.

- Eg trur eg sjeldan har opplevd så flotte løypeforhold, seier Pål Haugland.

Nok ein gang var det Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun som stod for dei beste plasseringane. Ingebjørg henta heim ein ny KM-tittel då ho vann 18-års-klassen. Kari fekk denne gongen ein sterk 2. plass i 17-års-klassen, berre 5 sekund bak vinnaren frå Voss. Det var eit særdeles sterkt løp Kari gjennomførte denne helga, og ho tilbakela faktisk dei 5 kilometrane 47 sekund raskare enn Ingebjørg. Imponerende, men det er rett å nemna at Ingebjørg har vore ein del hemma av sjukdom i sesongoppkjøringa.

Vi er blitt vane med gode resultat frå dei to ungentene. Dei har hatt ei flott utvikling frå i fjor. Dei har trent særskilt godt, og det er ikkje tvil om at hospiteringsordninga dei har hos Vossalangrenn har gjeve både god inspirasjon og flott utvikling.

Viktig er det og at fleire yngre utøvarar let seg inspirera av Kari og Ingebjørg. Svært mange deltar på treningane, og i rennet denne søndagen var det særleg Veslemøy Haugland som imponerte. Ho vart nr.5 i 13-års-klassen med svært mange konkurrentar. Tida var god, og det var berre nokre få sekund opp til bronsemedaljen. I tillegg gjorde Johannes Haugland, Tord Sæle og Solveig Haugland god innsats i store klassar med mange harde konkurrentar. Av dei litt eldre gjorde også Tor Vidar Sæle eit godt løp. Totalt var det heile 250 deltakarar i rennet.

Det er kjekt å følgja det gode arbeidet og miljøet i skigruppa. No går dei ei travel tid i møte. Alt onsdag er det

klart for karusellrenn i Fjellhaugen. Det vert interessant å følgje løparane utover vinteren.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Kjersti Bråtun



Veslemøy Haugland imponerte stort i dei flotte løypene på Skjeldal. Det vart nesten eit pall-løp!